



Tokke

RETNINGSLINER FOR TOKKE UNGDOMSRÅD

Kommunar og fylkeskommunar har plikt etter *Kommunelova* §5-2 og §5-12 til å opprette ungdomsråd eller anna medverkingsorgan for ungdom. Medlemmer av desse råda reknast som folkevalde og har same rettar og plikter som medlemmane av folkevalt organ.

Vedteke av Tokke kommunestyret i sak 13/85, revidert i sak 20/17/ sak 14/24.

MÅLSETJING

Gi ungdom høve til:

- ✓ aktivt medverke i vedtaksprosessar
- ✓ kome med innspel i saker som vedkjem dei
- ✓ vere kommunens nærmaste samarbeidsorgan i saker som vedkjem ungdom

Hovudmålet for Tokke ungdomsråd er medverknad og reell innflytelse.

Ungdomsrådet skal sikre ein brei, open og tilgjengeleg medverknad frå ungdom i kommunen. Med brei medverknad meinast blant anna:

- ✓ Rådet skal kunne uttale seg om eitt breitt spekter av saker i kommunen.
- ✓ Rådet kan uttale seg om alle saker som gjeld ungdom.
- ✓ Dei som blir valde som medlemmer til rådet, bør ha ulik alder og erfaringsbakgrunn.
- ✓ Rådet må få saksdokument på eit så tidleg tidspunkt i sakshandsaminga at uttale frå rådet har høve til å påverke utfallet av sakene.
- ✓ Sakspapir/dokument må ha utforming og omfang som er mogleg for ungdom å ta til seg og forstå.

REPRESENTANTAR

- ✓ Rådet skal ha 9 medlemmer, og tre varamedlemer.
- ✓ Ungdomsrådet skal vere for ungdom i alderen 13-19 år.
- ✓ Medlemmane veljast for to år av gongen.
- ✓ Dersom det blir vald ein person som blir eldre enn 19 år siste del av valperioden, blir denne ved val oppnemnt for eitt år, og varamedlem går automatisk inn siste året.

NOMINASJON

- ✓ Tokke ungdomsråd tek kontakt med elevråda som arrangerer val i klassene eller ber kandidatar melde seg. Elevrådet går sjølv inn for ein eller fleire representantar for skulen. Alle skulane i kommunen må vere representert.
- ✓ Ungdomsrådet må jobbe aktivt for å få ei jamn fordeling av kvart kjønn.
- ✓ Ungdomsrådet pliktar seg til å gjennomføre ny nominasjon til representantar før skuleslutt.

VAL

- ✓ Kommunestyret vel kvart år, i september, 9 representantar med 3 vara til ungdomsrådet i kommunen.
- ✓ Funksjonstida er for to år om gongen.
- ✓ Fyrste møte for nytt ungdomsråd er i september kvart år.

KONSTITUERING

- ✓ Rådet vel sjølv leiar og nestleiar.
- ✓ Leiaren har dobbeltstemme ved stemmelikskap.
- ✓ Kommunedirektør gjev mynde til kommunalsjef oppvekst å peike ut koordinator/sekretær for ungdomsrådet.
- ✓ Ungdomsrådets medlemmar skal få opplæring etter kvart val.
- ✓ Elevar i vidaregåande skule kan krevje at inntil ti skuledagar pr. skuleår ikkje skal førast på vitnemålet (jmf. forskrift til opplæringslova) om dette kan dokumentarast som politisk fråvær.

MØTE

- ✓ Tokke ungdomsråd skal halde møte når leiaren finn det påkravd eller når minst to av medlemmane ynskjer det.
- ✓ Rådet kallast inn med minst fem dagars varsel, innkallinga skal innehalde ein oversikt over dei sakene som skal handsamast. Sakliste går til medlemmar og varamedlemmar.
- ✓ Min. 50% av medlemmane skal vere til stades for å vere vedtaksføre.
- ✓ Det skal vere minst seks møte kvart år.
- ✓ På kvart møte skal det skrivast referat som koordinator er ansvarleg for.
- ✓ Møta i rådet er opne.

Medlemar av ungdomsrådet skal ha møte- og talerett i hovudutval og Formannskapet. Dersom eit utval tek opp en B-sak (sak unntatt offentlighet), må ungdomsrepresentanten forlate møtet. Dette av omsyn til teieplikt og alder

OPPGÅVER

Ungdomsrådet har rett til å uttale seg i alle saker som vedkjem ungdom i kommunen. Det kan vere mange ulike saker, til dømes:

- ✓ kultur- og fritidstilbod
- ✓ skulesaker
- ✓ helsetilbod
- ✓ samferdsel og kollektivtilbod
- ✓ miljø saker
- ✓ kommunens årsbudsjett og økonomiplan
- ✓ arealplanlegging
- ✓ kommuneplanar

Andre oppgåver

- ✓ ungdomsrådet skal lage eiga årsmelding.
- ✓ ungdomsrådet bør arrangere tiltak i løpet av valperioden
- ✓ delta på samlingar/kurs/seminar for og med ungdom

MYNDE

Ungdomsrådet disponerer eit årleg beløp kr. 50.000,- som skal fordelast til ulike aktivitetar for barn og ungdom i Tokke.